




Motivgruppe 1: Bilete i breiformat - innramma

Det er stor interesse for fotoutstillingen på Rød 22. august med motiv av fotograf Kristen Pedersen Myklebust (1869 -1936) frå Uskedalen.



Motivgruppe 2: Fotokort - serie frå ulike bygder

Han emigrerte, utdanna seg til fotograf og starta Myklebust Studio i byen Eagle Grove i staten Iowa, USA. Nær på 20 personar har meldt frå om at dei har bilete og vil låna ut fotografi till utstillingen.



Motivgruppe 3: Huslyden samla med tunet i bakgrunnen

Informantane og eigarane kjem frå Haugesund i sør til Bergen i nord.

Vi kan dela motiva i tre grupper:

1. Innramma landskaps- og sentrumsbilete i stort breiformat
2. Foto i serie frå ulike bygder - stereoskopisk teknikk
3. Motiv med huslyden samla og med gardstunet i bakgrunnen

Til gruppe to kan vi på baksida av fotokortet sjå kor Myklebust har vore på

sine fotografiske reiser i Noreg, - Ølen, Halsnøy, Stord, Tysnes, Førdesfjorden, Rennesøy, Stjernerøy, Bjoastranda, Valestrand, Sveio, Rosendal og Snilstveitøy. Uskedalen manglar her.

Dersom nokon har fotokort med ein serie bilete frå Uskedalen, må vi få vita det.

Professor Sigrid Lien frå UiB, som har skrive boka Lengselens bilde, vil koma til Uskedalen etter 22. august med føredrag om norsk/amerikanske fotografar.

Av Kristian Olav Bringedal